

Eksamen

22.mai 2017

HSE3002

Kommunikasjon og samhandling

Programområde: Helsesekretær

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen vedlegg
Informasjon om vurderinga	<p>Vurderingsretteleiing:</p> <ul style="list-style-type: none">• Det er kompetansemåla i læreplanen som er grunnlaget for vurderinga av eksamenssvaret.• Beskriv alle vala du tek og begrunn dei fagleg.• Bruk fagterminologi når du svarer på oppgåvene.• I vurderinga blir det lagt vekt på at du uttrykkjer deg tydeleg og fagleg korrekt.• Direkte avskrift frå kjelder gir låg måloppnåing og vil bli vurdert til lågaste karakter.
Andre opplysningar	Det er 4 oppgåver. Du skal svare på alle oppgåvene.

Oppgave 1

Du arbeider på Torget legesenter som autorisert helsesekretær. I dag kjem ei jente på 5 år som skal ta blodprøve. Jenta er redd og gret, og vil ikkje ta prøven. Mor, som følgjer jenta, er også usikker og redd sprøyter.

- a. Gjer greie for korleis du vil kommunisere med jenta og mora.
- b. Begrunn val av kommunikative verkemiddel.

Oppgave 2

Du er tilsett som autorisert helsesekretær ved kirurgisk poliklinikk på sjukehuset. Fleire av poliklinikkane er sett saman slik at helsesekretærane deler same skranken. Skranken der du har din arbeidsplass, deler du med ortopedisk poliklinikk.

Du opplever til stadigheit at den eine arbeidskollegaen din, som jobbar på ortopedisk poliklinikk, legg seg oppi arbeidsoppgåvene dine. Ho går gjennom pasientlistene dine, og dersom det er nokon av pasientane ho kjenner, spør ho deg kva som feilar dei.

Begrunn korleis du vil gå fram i denne situasjonen med vekt på strategiar for konfliktløysing.

Oppgave 3

Du arbeider på Costa legekantor. På legekantoret arbeider det to legar med åtskilt praksis, men dei deler lokale. Du og kollegaen din er tilsett hos kvar dykkar lege.

Børge Seim, født 12.10.69, kjem til legekantoret for å fjerne sju agraffar etter ein kneoperasjon. Du får i oppgave av legen å utføre prosedyren. Det viser seg at to av agraffane har falle bort. Pasienten har 38,2 i feber. Såret er infeksjøst.

- a. Kva skal du dokumentere og kvifor?
- b. Begrunn dette ut frå lovverket om krav til dokumentasjon.

Etter at Børge har gått, kjem kollegaen din som arbeider for den andre legen på kontoret, og lurar på kvifor Børge var på legekantoret.

- c. Kva vil du gjere i denne situasjonen?
- d. Begrunn handlingane dine ut frå lovverket.

Oppgåve 4

Helga Klaussen, født 18.12.1939, ringer legekantoret og vil snakke med legen fordi ho har vondt i ryggen. Helga ringer legekantoret minst ein gong i veka, og legen seier han ikkje har tid til henne i dag heller.

- a. Kva gjer du i denne situasjonen?
- b. Begrunn vala dine ut frå profesjonalitet og pasientservice.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen vedlegg
Informasjon om vurderingen	<p>Vurderingsveiledning:</p> <ul style="list-style-type: none">• Det er kompetansemålene i læreplanen som utgjør grunnlaget for vurderingen av eksamensbesvarelsen.• Beskriv alle valg du tar og begrunn dem faglig.• Bruk fagterminologi når du besvarer oppgavene.• I vurderingen vil det legges vekt på at du uttrykker deg tydelig og faglig korrekt.• Direkte avskrift fra kilder innebærer lav måloppnåelse og vil bli vurdert til laveste karakter.
Andre opplysninger	Det er 4 oppgaver. Du skal svare på alle oppgavene.

Oppgave 1

Du arbeider på Torget legesenter som autorisert helsesekretær. I dag kommer en jente på 5 år som skal ta blodprøve. Jenta er redd og gråter og vil ikke ta prøven. Mor, som følger jenta, er også usikker og redd sprøyter.

- a. Gjør rede for hvordan du kommuniserer med jenta og mora.
- b. Begrunn valg av kommunikative virkemidler.

Oppgave 2

Du er ansatt som autorisert helsesekretær ved kirurgisk poliklinikk på sykehuset. Flere av poliklinikkene er satt sammen slik at helsesekretærene deler samme skranke. Skranken der du har din arbeidsplass, deler du med ortopedisk poliklinikk.

Du opplever til stadighet at den ene arbeidskollegaen din, som arbeider på ortopedisk poliklinikk, legger seg oppi dine arbeidsoppgaver. Hun går gjennom dine pasientlister, og dersom det er noen av pasientene hun kjenner, spør hun deg hva som feiler dem.

Begrunn hvordan du vil gå fram i denne situasjonen med vekt på strategier for konfliktløsning.

Oppgave 3

Du arbeider på Costa legekantor. På legekantoret arbeider det to leger med adskilt praksis, men de deler lokaler. Du og din kollega er ansatt hos hver deres lege.

Børge Seim, født 12.10.69, kommer til legekantoret for å fjerne sju agraffer etter en kneoperasjon. Du får i oppgave av legen å utføre prosedyren. Det viser seg at to av agraffene er falt bort. Pasienten har 38,2 i feber. Såret er infeksiosøst.

- a. Hva skal du dokumentere og hvorfor?
- b. Begrunn dette ut fra lovverket om krav til dokumentasjon.



Etter at Børge har gått, kommer din kollega som arbeider for den andre legen på kontoret, og lurer på hvorfor Børge var på legekantoret.

- c. Hva vil du gjøre i denne situasjonen?
- d. Begrunn dine handlinger ut fra lovverket.

Oppgave 4

Helga Klaussen, født 18.12.1939, ringer legekantoret og vil snakke med legen fordi hun har vondt i ryggen. Helga ringer legekantoret minst en gang i uken, og legen sier han ikke har tid til henne i dag heller.

- a. Hva gjør du i denne situasjonen?
- b. Begrunn dine valg ut fra profesjonalitet og pasientservice.



www.vigoiks.no/eksamen